

AUSTEVOLL VATN OG AVLØP SA

VEDLEGG

TIL ÅRSMØTET

03.06.2021

Sak 03/21 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG RESULTATREKNESKAP

Framlagt:

Forslag til årsmelding for 2020.
Forslag til rekneskap med resultat, balanse og notar for 2020.

Tilråding:

Styret tilrår Årsmøtet å godkjenne rekneskap med resultat, balanse og notar og styret si melding for 2020.

Sak 04/21 ÅRSOPPGJERSDISPOSISJONAR

Tilråding:

Styret tilrår Årsmøtet å godkjenne at årets underskot blir ført mot egenkapital

Sak 05/21 FORSLAG TIL ENDRING AV VEDTEKTER - SKATTEFRITAK

Framlagt:

Forslag til endring i vedtekter for Austevoll Vatn og Avløp SA.

Merknad:

Saman med revisor har vi utarbeidd forslag til endringar i vedtektene til Austevoll Vatn og Avløp SA for å kunne søkje om skattefritak.

Tilråding:

Styret godkjenner forslag til endring av vedtekter for Austevoll Vatn og Avløp SA, og legger forslag til reviderte vedtekter fram for årsmøte 3.6.2020 slik at skattefritak kan søkjast også for rekneskapsåret 2022.

Sak 06/21 GODTGJERING TIL STYRE, STYRELEIAR M.V.

Valnemnda vi føreslå at godtgjering til styreleiar, nestleiar og styremedlemane for 2020 vert som for 2019:

Godtgjering til styreleiar:	kr. 70 000,- per. år.
Godtgjering til nestleiar:	kr. 40 000,- per. år.
Godtgjering til styremedlem:	kr. 30 000,- per. år.
Møtegodtgjering:	kr. 2.000,- per møte.

Sak 07/21 VAL AV STYRE, VARAREPRESENTANTAR OG STYRELEIAR

Merknad:

I ordinært årsmøte den 04.06.20 vart følgjande valde til valnemnd:

Reidar Vik, leiar
Britt Kathrine Drivenes, medlem
Jostein Blænes, medlem

Av styremedlemmane står desse på val i 2021:

- **Styremedlem** **Renate Hvidevoll Ek** **2019 – 2021**
- **Styremedlem** **Arve Jostein Bruntveit** **2019 – 2021**

Renate Hvidevoll Ek er vald som styreleiar for 2019 – 2020.

AVA skal ha eit styre på 5 - 7 medlemmer og 3 (tre) varamedlemmer med funksjonstid på 2 (to) år.

Årsmøtet vel leiar for 1 år blant dei 4 valde styremedlemmane valde av partseigarane.

I lov om samvirkeføretak (samvirkelova), § 69 og i brev frå Brønnøysundregistra av 30.01.12 heiter det:

I styret i samvirkeføretak med meir enn 1000 medlemmar på det tidspunkt valet av styremedlemmar skjer skal begge kjønn vera representert på fylgjande måte.

- 1. har styret to eller tre medlemmar, skal begge kjønn vera representert.*
- 2. har styret fire eller fem medlemmar, skal kvart kjønn vera representert med minst to.*
- 3. har styret seks til åtte medlemmar, skal kvart kjønn vera representert med minst tre.*

Valnemnda vil tilrå slikt val av styre og styreleiar:

- **Styremedlem:** **Renate Hvidevoll Ek** **2021 – 2023**
- **Styremedlem:** **Per Harald Hufthamar** **2021 - 2023**

Vararepresentantar for perioden 2020 – 2022:

- 1. Vararepresentant: Ivar Helge Melingen**
- 2. Vararepresentant: Elisabeth Ø. Hufthammer**

Valnemnda vil tilrå at **Renate Hvidevoll Ek** vert vald som styreleiar for eitt år.

Reidar Vik(s) Elisabeth Ø. Hufthammer(s) Jostein Blænes(s)
Leiar

VAL AV REVISOR FOR 2021

I ordinært årsmøte den 04.06.20 tilrådde styret årsmøtet å velja BDO som Austevoll Vatn og Avløp SA sin revisor for år 2020. Årsmøtet slutta seg samrøystes til styret si tilråding. Styret vil tilrå årsmøtet å velja BDO som revisor for 2021.

Tilråding:

Styret tilrår Årsmøtet å velje BDO som revisor for 2021.